



## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

### MØTEINNKALLING:

**Dato:** 30.05.2017

**Kl. :** 0900 – 1500

**Stad:** Heradshuset i Kinsarvik

### Sakliste:

- 001/17 Mellombels fellesnemnd – konstituering og val av leiar og nestleiar
- 002/17 Mellombels fellesnemnd – organisering av prosjektet med arbeidsutval og partsamansett utval
- 003/17 Mellombels fellesnemnd – styringsdokument og prosjektplan
- 004/17 Mellombels fellesnemnd – prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram til 2020
- 005/17 Mellombels fellesnemnd – møtegodtgjersle og reglement
- 006/17 Mellombels fellesnemnd – prosjektleiing - drøftingssak
- 007/17 Mellombels fellesnemnd – møteplan
- 008/17 Samanslåingsprosess – informasjonstiltak / nyheitsbrev



Arkiv: 0K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 1  
Journalpost ID: 2017008343  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 16.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	001/17

### Mellombels fellesnemnd - konstituering og val av leiar og nestleiar

Vedlegg:

#### Administrasjonen sitt forslag til

##### vedtak:

1. Mellombels fellesnemnd for samanslåing mellom Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad blir konstituert med dei medlemer og varamedlemer kommunane har peika ut.
2. Som leiar for nemnda blir ..... vald
3. Som nestleiar for nemnda blir ..... vald
4. Ein tillitsvald frå kvar kommune får møte- og talerett i mellombels fellesnemnd

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 16. mai 2017

**Saka gjeld:**

Jondal kommunestyre (sak 02/17), Odda kommunestyre (sak 011/17) og Ullensvang heradsstyre (sak 020/17), har vedtatt å etablere ei mellombels fellesnemnd for å førebu samanslåing av dei tre kommunane. Saksutgreiinga for vedtaka i dei tre kommunane inneheld eit mogleg mandat for Førebuande fellesnemnd.

Fellesnemnda består av kommunestyrepolitikarar frå kvar kommune; 4 frå Jondal, 9 frå Odda og 6 frå Ullensvang:

**Jondal kommune:**

1. Jon Larsgard (SP)
2. Olav Magnus Hammer (AP)
3. Elin Eide (H)
4. Reidun Haugen Dalseth (KrF)

**Personlege vara:**

1. Lajla-M. Lindskog-Lund (SP)
2. Kjellaug Hoås Samland (AP)
3. Tørres Meland (H)
4. Otto Galtung (KRF)

**Odda kommune:**

1. Roald Aga Haug (AP)
2. Linda H. Jondahl (AP)
3. Johnny Vikne (AP)
4. Therese K. Børve (AP)
5. Terje Kollbotn (R)
6. Erlend Nævdal Bolstad (H)
7. Anna Maria Kråkevik (H)
8. Anne Marit Buer (V)
9. Marit Backer -Owe (KrF)

**Vara i rekke:**

1. Trygve Bolstad (AP)
2. Solfrid H. - Moe (AP)
3. John Opdal (H)
4. Eivind Tokheim (V)
5. Kaare J. Aase (SP)
6. Anne Gravdal (H)
7. Jarle Vangen (AP)
8. Hilde C. Engesæter (V)
9. Finn Kristoffersen. (AP)

**Ullensvang herad:**

1. Solfrid Borge (SP)
2. Kåre Grønsnes (SV)
3. Olav Hus (SP)
4. Hildegunn Espe (SP)
5. Amund Velure (AP)
6. Terje Bleie (H)\*

**Vara i rekke:**

1. Ingvild Hauso (SP)
2. Håkon Kvammen (KRF)
3. Inger M. Himle (SV)
4. Jørund Kvestad (SP)
5. Isak Reisæter (SP)
6. Siv Haukelidsæter (SV)
7. Gunnhild Jaastad (SP)

**\* Vara for Terje Bleie:**

1. Eli J. Hope (H)
2. Petter S. Ulriksen (V)
3. Bodil Nakkerud (V)

**Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:**

Kommunelova, inndelingslova, intensjonsavtalen mellom Jondal, Odda og Ullensvang.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv



Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 2  
Journalpost ID: 2017008442  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	002/17

### Mellombels fellesnemnd - organisering av prosjektet med arbeidsutval og partsamansett utval

Vedlegg:

#### Administrasjonen sitt forslag til

#### vedtak:

1. Arbeidsutval for mellombels fellesnemnd blir sett ned med fylgjande medlemmer:

- a. Ordførar Jon Larsgard,
- b. Ordførar Roald Aga Haug
- c. Ordførar Solfrid Borge
- d. Assisterande rådmann Joakim Ragnvaldsen
- e. Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
- f. Rådmann Magnus Steigedal

2. Partssamansett utval skal ha 15 medlemmer:

3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.

Utvalet blir sett ned med fylgjande medlemmer:

Frå Jondal:

1. ....
2. ....
3. ....

1. .... (vara)
2. .... (vara)
3. .... (vara)

Frå Odda:

1. ....
2. ....
3. ....

1. .... (vara)
2. .... (vara)
3. .... (vara)

Frå Ullensvang:

1. ....
2. ....
3. ....

1. .... (vara)
2. .... (vara)
3. .... (vara)

Frå dei tilsette:

Jondal:

HTV .....

HTV .....

Odda:

HTV .....

HTV .....

Ullensvang:

HTV .....

HTV .....

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017

**Saka gjeld:**

Samanslåing av kommunane Jondal, Odda og Ullensvang blir organisert som eit prosjekt med fellesnemnda som prosjektleigar og med eit arbeidsutval og eit partssamansett utval.

Detaljane i den administrative organiseringa vil me måtte koma tilbake til når fellesnemnda har tatt stilling til prosjektleiing.

Ordførar/rådmannsgruppa kjem med eit framlegg som ein meiner vil vere effektivt og tilpassa våre organisasjonar. Ein har forsøkt å halde talet på medlemmer lågt, og samstundes ta i vare dei tilsette sin rett til medverknad. Det blir lagt opp til at fellesnemnda sitt arbeidsutval består av ordførarane og rådmennene. Når det gjeld partssamansett utval har man ynske om å likestille kommunane både i høve politisk representasjon og i høve dei tilsette sin representasjon. Framlegget er difor at PSU blir sett ned med tre politiske representantar frå kvar kommune og to tilsette representantar frå kvar kommune.

Mandat til utvala kjem i eigen sak på eit seinare møte.

**Økonomiske konsekvensar:**

- a. Driftskonsekvensar - Reisekostnader for møtedeltakarane
- b. Investeringskostnader
- c. Finansiering

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv



Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 3  
Journalpost ID: 2017008446  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	003/17

### Mellombels fellesnemnd - styringsdokument og prosjektplan

Vedlegg: Styringsdokument og prosjektplan

#### Administrasjonen sitt forslag til

#### vedtak:

1. Styringsdokument og prosjektplan blir vedtatt i tråd med saksframstillinga og vedlegg.
2. Fellesnemnda ber administrasjonane utarbeide eit utkast til risikofaktorar og suksesskriterier for samanslåingsprosjektet.
3. Fellesnemnda ber administrasjonane utarbeida framlegg til delegering til arbeidsutval og partssamansett utval.

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017



## **Saka gjeld:**

Ein kommunesamanslåing er eit omfattande arbeid som bør organiserast som eit prosjekt med tydeleg rolleavklaringar, mandat, framdriftsplan og milepælar.

Vedlagt er eit fyrste arbeidsdokument som er gjennomgått av ordførar/rådmannsgruppa. Det er også gjennomgått av leiargruppene. Dokumentet er eit arbeidsreiskap som må endrast i takt med framdrifta i prosjektet.


Det er nokre tema som ikkje er utgreidd, men berre peika på. Det gjeld risikofaktorar, suksesskriterier, budsjett og delegering. Desse tema kan administrasjonen leggja fram på eit seinare tidspunkt.

Når det gjeld budsjett blir det løyvd noko reformstøtte som bør disponerast av fellesnemnda. I samband med dette skal fellesnemnda nemne opp revisor for si verksemd. Dette vil me koma tilbake til.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv

# ULLENSVANG KOMMUNE



12.05.2017

Styringsdokument og prosjektplan - versjon 1

**Dette dokumentet legg rammene for prosjektarbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune 2020.**

**Dokumentet er forma som ein prosjektplan og skal gje mål og retning til prosessen. Dokumentet er ikkje uttømmende og vil bli oppdatert gjennom prosessen.**

## INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>2</b>
1.1	RISIKOANALYSE	3
1.2	SUKSESSKRITERIER	3
<b>2</b>	<b>AV NATUR ER ALLE MENNESKER LIKE, MEN I HANDLING ER DE SVÆRT FORSKJELLIGE</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>PROSJEKTORGANISERING</b>	<b>3</b>
3.1	MÅL	3
3.2	RAMMER	4
<b>4</b>	<b>ROLLER OG PRINSIPP FOR ORGANISERING</b>	<b>4</b>
4.1	ORGANISASJONSKART	4
4.2	POLITISK PROSJEKTORGANISASJON	5
4.3	PROSJEKTLEIING	5
4.4	ADMINISTRATIV PROSJEKTORGANISASJON	5
<b>5</b>	<b>FASAR OG FRAMDRIFT</b>	<b>6</b>
5.1	FRAMDRIFTSPLAN	6
5.2	AVGJERDSPUNKT OG MILEPÆLSPLAN	7
<b>6</b>	<b>AKTIVITETAR</b>	<b>8</b>
6.1	PLANAR	8
6.2	POLITISKE ARBEIDSGRUPPER	9
6.3	ADMINISTRATIVE ARBEIDSGRUPPER.	10
<b>7</b>	<b>PROSJEKTBUDSJETT</b>	<b>13</b>
<b>8</b>	<b>OPPDATERINGSLOGG</b>	<b>14</b>
<b>9</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>15</b>
9.1	FØREBUANDE FELLESNEMND	15
9.2	DELEGERING TIL FELLESNEMNDA SIN LEIAR	15
9.3	DELEGERING TIL ARBEIDSUTVAL	15
9.4	DELEGERING TIL PARTSSAMANSETT UTVAL	16
9.5	DELEGERING TIL PROSJEKTLEIAR	16
9.6	RETNINGSLINJER FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE	16

# ULLENSVANG KOMMUNE

## STYRINGSdokUMENT OG PROSJEKTPLAN - VERSJON 1

**Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger**

### 1 INNLEIING

Jondal, Odda og Ullensvang utgjer ein felles bu- og arbeidsregion og har samarbeid på fleire område over mange år. Som del av den nasjonale kommunereforma vedtok kommunane i juni 2016 å slå seg saman frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heita Ullensvang kommune og kommunesenteret skal vera i Odda.

Til grunn for samanslåingsvedtaka ligg intensjonsavtala som blei vedteken i kommunestyra i 2016. Intensjonsavtala lyfter fram fylgjande prinsipp for samanslåinga:

**Å skapa ein ny kommune skal vera prega av likeverd, vidsyn og forståing av kvarandre sin ståstad.**

**Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ta inn over seg utfordringane i framtida.**

**Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.**

Dette styringsdokumentet skal gje føringar og retning for arbeidet med kommunesamanslåinga. Dokumentet skal vere eit levande arbeidsdokument som skal justerast og oppdaterast etter kvart som ny informasjon og styringssignal ligg føre. Dette styringsdokumentet må lesast i lys av Intensjonsavtala og skal supplerast med

- Informasjons-/kommunikasjonsplan
- Omstillingsdokument
- Samla oversikt over arbeidsgruppene med mandat og prosessomtale.

## 1.1 RISIKOANALYSE

## 1.2 SUKSESSKRITERIER

Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.

## 2 AV NATUR ER ALLE MENNESKER LIKE, MEN I HANDLING ER DE SVÆRT FORSKJELLIGE

(Konfucius)

Nye Ullensvang kommune vil bestå av 11.500 individer fordelt på 3.261 Kvadratkilometer med fjord, by og fjell. Med 3 nasjonalparkar og eit mangfald av natur og kulturelle godbitar i alle delar av kommunen.

Ein samanslåing av tre kommunar, ulike i størrelse og med ein utfordrande geografi kan vera krevande, sjølv når målet er at samanslåinga skal pregast av likeverd og rausheit.

Det er viktig å lyfta fram problemstillingane og adressera dei. Uavhengig av storleik er det tre likeverdige partar når det gjeld offentleg ansvar og mynde som her skal slåast saman. Dette gjer at prosjektet sin oppgåveportefølje vil vere nær lik om kommunane er små eller store.

For å skapa ein god prosess er det viktig at den vedtekne rause haldninga får eit innhald. Det er viktig at ingen av kommunane ser på samanslåinga som at nokon skal bli slått saman med dei andre, men at ein saman skal skapa ein heilt ny kommune. Dette inneber at alle kommunane vil sjå annleis ut etter at den nye kommunen er på plass.

Det vil vere både den politiske og den administrative leiinga sitt ansvar å leggja til rette for at intensjonane får eit faktisk innhald og at ein tenkjer framtidige løysingar til det beste for alle.

## 3 PROSJEKTORGANISERING

### 3.1 MÅL

Kommunesamanslåinga skal organiserast som eit prosjekt der det overordna målet er at Ullensvang kommune skal vera i drift 1.1.2020.

I tillegg er det mål om at prosessen skal gjennomførast med

- Openheit
- Forankring i organisasjonane
- Forankring hjå innbyggjarane

- Oppretthalda normal drift i noverande kommunar.

### 3.2 RAMMER

Prosjektet er forankra i Intensjonsavtala, Inndelingslova, Kommunelova og Arbeidsmiljølova.

Prosjektet skal gjennomførast parallelt med at kommunane skal driftast utan vesentlege ulemper. Kommunane må likevel rekne med å måtte avstå ressursar, både økonomisk og tilsette, inn i prosjektorganisasjonen.

Prosjektet sitt hovudmål er å leggja til rette for at Ullensvang kommune er operativ 1.1.2020. Prosjektet kan leggja til rette for organisatorisk utviklingsarbeid som vil kunne styrka den nye kommunen.


Prosjektet starter våren 2017, men vil få sin formelle forankring i Inndelingslova etter kongeleg resolusjon hausten 2017.

## 4 ROLLER OG PRINSIPP FOR ORGANISERING

### 4.1 ORGANISASJONSKART

For at prosessen med å bygga ny kommune skal opplevast som god, er rolleavklaringa viktig. Det må vere klart kva for oppgåver, ansvar og mynde som blir lagt til dei ulike funksjonane/organa i prosjektorganisasjonen.

Det er førebuande fellesnemnd og fellesnemnda som blir sett ned etter kongelig res. hausten 2017, som har det overordna ansvaret for samanslåinga og leier arbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune. Dei skal styra prosessen slik at ein når måla for den nye kommunen slik dei kjem fram i Intensjonsavtala.



## 4.2 POLITISK PROSJEKTORGANISASJON

- Førebuaende fellesnemnd/fellesnemnda er prosjekteigar.
- Førebuaende fellesnemnd arbeider etter og utøver mynde på grunnlag av delegering frå kommune- og heradsstyra.
- Fellesnemnda (etter kongelig res.) er eit politisk organ i samsvar med Inndelingslova fram til kommunestyret for Ullensvang kommune er konstituert.
- Det skal etablerast eit arbeidsutval for fellesnemnda beståande av ordførarane og rådmennene. Fellesnemnda utarbeider delegeringsreglement til arbeidsutvalet.
- Det skal etablerast eit partssamansett utval beståande av 6 politikarar (2 + 2 + 2) og 3 hovudtillitsvalde (1+1+1). Fellesnemnda utarbeider delegeringsreglement til utvalet.
- Fellesnemnda kan etablere politiske arbeidsgrupper. Tema for arbeidsgruppene kan vere; politisk struktur, symbol (kommunevåpen, ordførarkjede oa), innbyggjarinvolvering og førebu kommunevalet i 2019.
- Administrasjonen stiller sekretariat- og utgreiingsressursar til rådvelde for fellesnemnda og arbeidsgruppene.
- Fellesnemnda har ansvar for å involvere og orientera kommunestyra og partigruppene.
- Fellesnemnda har innstillingsrett til kommunestyret/heradsstyret i dei tre kommunane(?).

## 4.3 PROSJEKTLEIING

I fylgje Inndelingslova kan fellesnemnda tilsetja prosjektleiar. Dette kan delegerast til PSU.

Erfaring frå tidlegare kommunesamanslåingar viser at det bør tilsetjast ein prosjektleiar så tidleg som mogleg. Det er ulike måtar å løyse dette på. Nokon legg vekt på kjennskapen til organisasjonane og vel ein av rådmennene til prosjektleiar (Inderøy, Asker), andre vel ein prosjektleiar for sjølve prosjektet og seinare i prosessen tilset dei rådmann (Vindafjord), medan andre tilset prosjektleiar som skal bli den nye kommunen sin rådmann (Sandefjord).

Uansett kva form ein vel, vil rådmennene i kommunane ha ei sentral rolle i gjennomføringa av prosjektet. Som del av styringsgruppa har dei ansvar for at naudsynt informasjon og saksutgreiingar er på plass før avgjersler skal takast. Dei skal vidare vere med å definere og tildela oppgåver til arbeidsgruppene, koordinere arbeidet, og leggja til rette for god politisk sakshandsaming.

Prosjektleiar har innstillingsrett til fellesnemnda, PSU og til dei politiske arbeidsgruppene.

## 4.4 ADMINISTRATIV PROSJEKTORGANISASJON

- Det skal etablerast ei administrativ styringsgruppe. Fram til permanent prosjektleiing er etablert vert prosjektet leia av rådmennene.
- Det skal vere eit fast forum for informasjon og drøfting med tillitsvalde og verneombod med heimel i AML og HTA. Storleiken på forumet vil variere etter sak.

- Det skal etablerast arbeidsgrupper for å sikra kompetente løysingar på ulike fagområde. Arbeidsgruppene skal også ivareta behov for forankring og involvering av organisasjonane.
- Alle oppgåver/tenesteområde skal vere tildelt ei arbeidsgruppe. Ei arbeidsgruppe kan difor ha fleire oppgåver/ansvarsområde som kan utgreiast til ulik tid.
- Alle arbeidsgruppene skal ha eige mandat og ein leiar som rapporterer til prosjektleiar.
- Det er ikkje nødvendigvis dei eksisterande kommunane sin organisatoriske struktur som skal leggja rammene for arbeidsgruppene. Føringsane i Intensjonsavtala ligg til grunn, og kompleksiteten i dei ulike teneste-/oppgåveområda må vere styrande for prosjektorganiseringa.
- Ei arbeidsgruppe bør ikkje ha meir enn 4-6 medlemmer, men kan supplerast ved behov. Ei arbeidsgruppe kan også setja ned underutval som kan utgreia spesifikke problemstillingar.
- Arbeidsgrupper som kjem inn på tema som omstilling, administrativ organisering og arbeidsgjevvarpolitikk bør ha med ein tillitsvald frå kvar kommune.
- Tillitsvalde og vernetenesta si deltaking i andre arbeidsgrupper blir vurdert for kvar gruppe.

## 5 FASAR OG FRAMDRIFT

Prosjektet vil ha fire hovudfasar. Dei to fyrste fasane går fram til fellesnemnda er sett ned etter kongelig res. hausten 2017. Dette fordi det er fyrst etter dette fellesnemnda får mynde til å gjera bindande vedtak på vegne av den nye kommunen.

1. Prosjektetablering/planlegging
2. Kartlegging
3. Utvikling og gjennomføring
4. Avslutte

### 5.1 FRAMDRIFTSPLAN

Fase	Tidsrom (frå-til)	Hovudoppgåver i fasen	Dokument/Leveransar
Prosjektetablering	1.5.17- 1.10.17	Førebuande fellesnemnd (ffn) konstituerast. Styringsdokument, plan og prinsipper for vidare arbeid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styringsdokument/ Prosjektplan</li> <li>• Detaljert framdriftsplan</li> </ul>
Prosjektorganisering  Planlegging	1.5.17 – 1.10.17	Avklaring av prosjektorganisering og tilsetjing for dette inn som eige punkt?  Prosjektorganisasjon med styringsgruppe og arbeidsgrupper	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mandat med delegering til prosjektorgan.</li> <li>• Mandat til arbeidsgrupper</li> </ul>



		etablerast. Styringsdokument med framdriftsplan blir vedteke i ffn.	
Kartlegging	1.5.17 – 1.8.18	Arbeidsgruppene startar kartlegging av tenestoområda.  Kartlegging og gjennomføring av ulike oppgåver vil overlape kvarandre.	Kartleggingsdokument
	Innan 31.12.17	Alle system, avtalar, innkjøpsavtalar og interkommunale samarbeid blir kartlagt	
Utvikle og gjennomføre	Innan 31.12.17	Fellesnemnd konstituerer seg.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bemanningsplanar med oppgåve/ delegasjonsoversyn.</li> <li>• Nye interne og eksterne avtalar.</li> <li>• Organisasjonskart</li> <li>• Delegeringsreglement</li> </ul>
	1.1.18 – 1.8.18	Arbeidsgruppene kjem med framlegg til framtidig organisering av tenestoområda.	
	1.1.19	Ny rådmann tilsett.	
	Innan 1.1.19	Ny administrativ organisering blir vedteken.	
	Innan 1.7.19	Tilsetting av leiargruppe. Nytt delegeringsreglement.	
Avslutte	1.8.19-31.12.19	Kommuneval Fellesnemnda blir oppløyst og nytt kommunestyre konstituerer seg. Førrebu implementering som ikkje kan gjennomførast før 1.1.2020.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reglement for nytt kommunestyre</li> <li>• Budsjett og økonomiplan for Ullensvang kommune</li> </ul>
	1.1.2020	Alle tre kommunane er avslutta og oppgåver og tilsette er overført til Ullensvang kommune.	

## 5.2 AVGJERDSPUNKT OG MILEPÆLSPLAN

Milepælsplan må detaljerast og utvidast når ein har fått på plass arbeidsgrupper, samt kartlagt behovet for leveranser i prosjektet.

Milepæl	Dato	Tema	Kriteriet	Avgjerdsorgan
---------	------	------	-----------	---------------

MP1	30.5.17	Førebuaende fellesnemnd	Konstituering	ffn
MP2	30.5.17	Styringsdokument med framdriftsplan	Styringsdokument første versjon klart	ffn
MP3	1.10.17	Arbeidsgrupper	Alle hovedgrupper etablert, undergrupper etablerast undervegs	
MP4	01.12.17	Prosjektleiing/leiar	Tilsett	Fellesnemnd
MP5	1.1.19	Omstillingsplan	Ferdig til vedtak	Fellesnemnda
MP6	1.1.19	Organisasjonsstruktur	Administrativ og politisk organisasjon	Fellesnemnd /prosjektleiar?
MP7	1.1.19	Arbeidsgrupper	Kartlegging, vegvalg og struktur.	
MP8	1.1.19	Rådmann	Rådmann tilsett	Fellesnemnda
MP9	1.7.19	Leiing	Leiargruppa tilsett	Rådmann
MP10	1.1.2020	Ny kommune	Alle områder er ferdig utgreidd og etablert.	Nytt kommunestyre

## 6 AKTIVITETAR

### 6.1 PLANAR

Det skal utarbeidast ulike planar for prosjektperioden og for den nye kommunen.

1. Kommuneplan  
Det skal utarbeidast ny samfunnsdel til kommuneplanen, og delvis ny/delvis samordning av arealdel.
2. Omstillingsplan  
Overordna personalpolitiske retningslinjer for å sikra overgangen frå gamal til ny kommune. Tema for planen vil mellom anna vere prinsipp for medverknad, mal for kartleggingssamtale, organisasjonskart og bemanningsplanar, kriterium for utveljing av overtalige, prosedyre for innplassering.  
Skal utarbeidast av eiga administrativ og politisk arbeidsgruppe i fyrste fase av prosjektet. Det blir oppnemnd eigen administrativ ansvarleg for tilrettelegging.  
Psu skal handsama planen og fellesnemnda skal vedta.
3. Informasjonsplan

Skal rette seg mot tilsette og innbyggjarar. Blir utarbeida av prosjektleiing i dialog med politisk arbeidsutval, med vedtak i fellesnemnda.

4. Gevinstrealiseringsplan

Denne planen kjem som resultat av arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene.

5. Økonomi

Det må utarbeidast eit prinsippdokument om dei økonomiske konsekvensane av prosjektet. Her må det lyftast fram eventuell kompensasjon for arbeidsinnsats i prosjektet. Korleis ein skal rekneskapsføre utgifter som ikkje inngår i fellesnemnda si styringslinje men som ligg i grenselandet til prosjektets arbeid, og for frikjøp av tillitsvalde.

Det må utarbeidast budsjett for prosjektet si verksemd.

Det skal utarbeidast budsjett- og økonomiplan for 1. driftsår av Ullensvang kommune.

Rådmennene får ansvar for å førebu saka for fellesnemnda.

6. Digitaliseringsplan

Plan for digitalisering og framtidige løysingar for IT, arbeidsplattform og arkitektur for organisasjonen og løysingar mot innbygarane.

## 6.2 POLITISKE ARBEIDSGRUPPER

Politiske arbeidsgrupper kan etablerast etter behov og i ulike fasar av prosjektet. Moglege tema for arbeidsgrupper kan vere

- Innbyggjarinvolvering
- Politiske hovudstruktur
- Symbol; kommunevåpen, ordførarkjede og merkevarebygging
- Førebu kommunevalet 2019
- Utarbeide delegeringsreglement for Ullensvang kommune.
- Utarbeide politisk reglement med prinsipp for godtgjersle for Ullensvang kommune

### 6.3 ADMINISTRATIVE ARBEIDSGRUPPER.

For å sikra ein heilskapleg og samordna utvikling av dei ulike oppgåve- og tenesteområde blir det etablert ein struktur med hovudgrupper der denne skal ha fokus på samordning og gevinstrealisering. For å få fram eit godt grunnlag for utvikling blir det etablert mindre undergrupper som kan utgreie spesifikke område/ problemstillingar. Kvar gruppe arbeider på eige mandat, med ein leiar som rapporterer til prosjektleiaren etter eit fastsett rapporteringssystem.

Lista er ikkje uttømmande og vil bli meir detaljert og innehalde fleire arbeidsgrupper når prosjektorganisasjonen er sett hausten 2017.

Overordna mål for arbeidsgruppene :

Yta og sikra gode og effektive tenester til innbyggjarane.

Samordna fag- og tenesteområder.

Finne gode-, innovative og effektive driftsformer.

Fokus på digitale løysingar i alle ledd.

Grp nr.	Hovudgruppe	Undergruppe	Område	Leiar	Ferdigs. dato
1	Arkiv		Arkiv for Ullensvang kommune og avvikling og tilgjenge til gamle arkiv	Arkivleiarane i dei tre kommunane	
2	IT	Arkitektur Avtalar	IT, infrastruktur og digitalisering		
3	HR / personal	Arbeidsavtalar Opplæringprogram Personal Løn	Avtalar og reglement, plan for opplæring, innplassering og rekruttering		
4	Administrasjon	Fellestenester/tene stetorg Merkantile tenester			
	Oppvekst	Skule	Skule/Sfo		

5		Barnehage	Barnehage Barnevern PPT		
6	Helse og Omsorg	Pleie og omsorg Legetenester Rus og psykiatri NAV Funksjonshemma			
7	Kultur og idrett	Bibliotek Kulturskule Idrett Frivillige lag og foreninger	Idrett/folkehelse Kulturhus/bibliotek Ungdomsarbeid Kulturskolen Idrettsarenaer/tilbod Oversyn frivillige lag og foreninger, samarbeid		
8	Teknisk	Bygg, oppmåling, matrikkel Landbruk Teknisk drift Brann Investeringar	Vann, avløp Bruk/etterbruk av bygningsmasse. Samordning av planar. Førebu ny planstrategi Ny kommuneplan		
9	Næring, samfunn og eigedom	Næringsutvikling Samfunnsutvikling Eigedom	Legga til rette for nærings og samfunnsutvikling Eigedomstilhøve og strategiar/oversyn		
10	Eigarskap	Energisektoren	Eigarskap i selskaper utanom IKS		
11	Interkommunalt samarbeid	Renovasjon Revisjon	Interkommunale samarbeid som kommunane er del i		
12	Økonomi	Rekneskap Innkjøp Skatt	Plan for samkøying av budsjett- og rekneskapssystem. Rutinar/reglement og internkontroll. Anskaffelser og innkjøp. Skatt og fordringar.		
13	ROS og beredskap	Beredskapsplan	Overordna beredskapsplan for ny		

## ULLENSVANG KOMMUNE

---

		ROS analysar	kommune ROS analysar for ny kommune		
14	Kultur og identitetsbygging		Å skape en felles kultur og identitet for tilsette i ny organisasjon		

## 7 PROSJEKTBUDDSJETT

Ullensvang kommune mottar tilskot til dekning av eingongskostnadar på 30 mill kroner. I tillegg mottar ein på tidspunktet for samanslåing ein reformstønad på 5 millionar kroner.

Det er 30 millionar kroner som skal dekke dei eingongskostnadane ein får i prosessen med å bygge ny kommune. Mykje vil gå med til prosjektorganisering, frikjøp, innkjøpsavtalar m.meir

Endeleg budsjett for prosessen 2017 – 2020 må settjast opp etter at ein har beslutta prosjektorganisering, godtgjerlse og korleis ein ynskjer å organisera seg i høve arbeidsgrupper og framdrift.

Døme på ramme/viktige element i eit budsjett:

### Prosjektbudsjett 2017 - 2020

	2017	2018	2019	2020	Totalt
<b>Prosjektleiing:</b>					
Prosjektleiar					
Informasjon/sekretariat					
<b>Møtegodtgjerlse:</b>					
Fellesnemnd					
PSU					
Andre utval					
<i>Reisegodtgjerlse politisk</i>					
<b>Arbeidsgrupper:</b>					
Helse og omsorg					
Oppvekst					
Kultur og idrett					
Teknisk					
Næring, samfunn og eigedom					
Administrasjon					
(arkiv)					
(IT)					
<b>Kultur/identitet:</b>					
Profilering					
Kommunevåpen og heraldik					
Arrangement/møter					
<b>Personal:</b>					
Rekruttering					
Annonsar					
<b>Bygg/tilpasningar:</b>					
.....					
<b>IT:</b>					
Ny heimeside					
<b>Tillitsvalde:</b>					
Frikjøp					
<b>Innkjøpsavtalar:</b>					
Avslutte og opprette nye					
<b>Kyrkjeleg fellesråd:</b>					
	-	-	-	-	-

## 8 OPPDATERINGSLOGG

Ved større endringar i styringsdokumentet som krev godkjenning frå prosjekteigar/fellesnemnda, skal prosjektleiaren oppdatere endringsloggen. Her skal det gjere greie for kva for endringar som er gjort, kven som har gjort endringane, og kven som har godkjent dei. Som et minimum skal styringsdokumentet oppdaterast i samband med kvar faseovergang.

Versjon	Dato	Endring	Produsent	Godkjent
1	10.5.17	Dokument opprettet	Magnus Steigedal	
2	16.5.17	Dokument sendt fellesnemnda til vedtak 30.5.2017	Rådmennene	



## 9 VEDLEGG

### 9.1 FØREBUANDE FELLESNEMND

Førebuande fellesnemnd ble vald via vedtak i Odda kommunestyre 15.3.17, Jondal kommunestyre 15.3.17 og Ullensvang heradsstyre 13.3.17

Fellesnemnda er «kommunestyret» i prosessen. Arbeidsoppgåver til nemnda blir regulert både i inndelingslova og i intensjonsavtala:

1. Førebuande fellesnemnd si-funksjonstid er fram til fellesnemnd etter Inndelingslova § 26 blir sett ned.
2. Førebuande fellesnemnd skal :
  - Sikra politisk koordinering i dei tre kommunane fram til fellesnemnda er operativ.
  - Sikra politisk koordinering av saker som gjeld kommunesamanslåinga, kommunale tenester, organisering og struktur
  - Arbeida med relevante saker som har tyding for prosessen for å skapa den nye kommunen.

Til grunn for fellesnemndas arbeid ligger Intensjonsavtalen frå 2016.

Mandat for fellesnemnda vert vedteke når den formelt vert skipa.

### 9.2 DELEGERING TIL FELLESNEMNDA SIN LEIAR

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Fellesnemndas leiar er rettsleg representant for Ullensvang kommune og skriv under på vegne av denne i alle høve der mynde ikkje er delegert til andre (jf. Kommuneleva § 9 nr. 3).
2. Fellesnemndas sin leiar er Ullensvang kommune sin representant i styrer og råd der annan person ikkje er vald.
3. Fellesnemndas leiar får mynde til å ta ikkje-prinsipielle avgjersler som ikkje kan venta til politisk utval er samla.

### 9.3 DELEGERING TIL ARBEIDSUTVAL

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Arbeidsutval blir etablert med heimel i Styringsdokument (vedtatt av fellesnemnda 30.5.17).
2. Arbeidsutvalet førebur og innstiller i saker for fellesnemnda.

3. Arbeidsutvalet kan fatte vedtak som ikkje er prinsipielle og som sikrar naudsynt framdrift i etablering av ny kommune.

#### 9.4 DELEGERING TIL PARTSSAMANSETT UTVAL

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Partssamansett utval er heimla Inndelingslova § 26 2.ledd/kommunelova § 25 og HA del B § 4.
2. Organisering og samansetting av utvalet er vedtatt i Styringsdokument.
3. Psu er eit drøftingsorgan og skal handsama og innstille til fellesnemnda i saker som gjeld tilhøve mellom Ullensvang kommune som arbeidsgjevar og dei tilsette.
4. Psu skal drøfta og gje uttale til prosessen rundt tilsetting av prosjektleiing og rådmann.
5. Leiar for nemnda har ansvar for innkalling til møte.
6. Rådmenna i dei eksisterande kommunane har møte og talerett i PSU

#### 9.5 DELEGERING TIL PROSJEKLEIAR

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Prosjektleiinga har det operative ansvaret for etablering av Ullensvang kommune, og til å overføra avtalar, forplikingar og tilsette frå dei noverande kommunane til Ullensvang kommune.
2. Prosjektleiinga har møte-, tale- og innstillingsrett til fellesnemnd og partssamansett utval.
3. Prosjektleiinga har innkjøps- og tilvisingsmynde innanfor fellesnemnda sitt budsjett, i samsvar med vedtekne prioriteringar.
4. Prosjektleiinga skal i samarbeid med fellesnemnda utarbeida eit saldert budsjett og økonomiplan for Ullensvang kommune.
5. Arbeidsutvalet har mynde til å førebu og innstille i saker for fellesnemnda inntil prosjektorganisasjon er satt.

#### 9.6 RETNINGSLINJER FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lov, forskrift og retningslinjer gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som fylgjer av desse og av god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammer som er vedtatt av fellesnemnda.

Fellesnemnda står fritt til å trekkje tilbake delegert mynde kva tid som helst. Fellesnemnda står og fritt til å be om tilbakerapportering i samband med bruk av delegert mynde.

Endringar i dette reglementet kan berre gjerast av fellesnemnda der det ikkje går fram av reglementet at andre kan vidaredelegere mynde.



Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 4  
Journalpost ID: 2017008452  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	004/17

### Mellombels fellesnemnd - prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram til 2020

Vedlegg: Prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram mot 2020.

#### Administrasjonen sitt forslag til

#### vedtak:

Fellesnemnda godkjenner dokumentet «Prinsipp for samarbeid, samordning og gevinstrealisering fram mot 2020»

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017

**Saka gjeld:**

Samarbeidet mellom dei tre kommunane Jondal, Odda og Ullensvang vil bli sterkt prega av at dei skal slåast saman.

I perioden fram til samanslåing 01.01.2020 vil dette vere bakteppe for mykje av planlegginga og drifta av dei tre kommunane. Det vedlagte dokumentet skisserer opp dei prinsippa som dette samarbeidet må styrast etter i åra som kjem.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv



## PRINSIPP FOR – SAMARBEID, SAMORDNING OG GEVINSTREALISERING FRAM MOT 2020

### **Bakgrunn**

Odda, Jondal og Ullensvang skal slå seg saman 1.1.2020. Fram til den nye kommunen er etablert vil kommunane vere sjølvstendige rettssubjekt med ansvar for drift av tenester til sine innbyggjarar. Prosessen rundt samanslåinga set likevel administrasjonane og tenesteproduksjonen i bevegelse, noko som krev at ein formaliserar samdrifta fram mot samanslåingstidspunktet.

Det er eit mål at ein så raskt som mogleg startar å harmonisera organisasjonane slik at overgangen blir så lett som mogleg.

Det er også eit mål å kunne ta ut gevinstar før samanslåinga der det er mogleg.

### **Samarbeid**

Ein kommunesamanslåing er eit positivt løft for medarbeidarane og det opnar opp for nye moglegheiter til å vurdere eigen organisasjon og til å bli kjent med nye medarbeidarar.

Det er viktig at ein legg til rette for formell og uformell kontakt og samarbeid mellom leiarar og mellom medarbeidarane i kommunane. Dette vil påverka harmoniseringa, og gjera samanslåinga lettare.

Det er eit mål at ein skal drøfta tiltak, driftsomleggingar, innkjøp oa med dei andre kommunane før ein set slikt i verk.

Det er viktig å ha eit godt og inkluderande samarbeid med tillitsvalde og ha dei med i arbeidet

### **Ledige stillingar**

For å leggja til rette for god tenesteproduksjonen samstundes som ein skal samkøyra kommunane, må ein leggja til rette for samarbeid og forpliktingar på tvers av kommunegrensene.



- Kommunane skal særskilt informera kvarandre om ledige stillingsheimlar.
- Ein skal vurdera å nytta kompetanse på tvers av kommunane. Slikt samarbeid må formaliserast via regelverket i kommunelova (vertskommune, interkommunalt samarbeid).
- Samarbeidsdokumenta må synleggjera korleis ein tek i vare tenestene i dei andre kommunane.
- Dersom ein etter utlysing får søkjarar frå dei andre kommunane vil dei stille på lik linje med eksterne søkjarar.

Personal/HR i kommunane får ansvar for informasjonsflyt og samordning, medan den aktuelle leiar/leiarane har ansvar for å sikra at samordninga ikkje går utover tenesteproduksjonen i dei andre kommunane. Dette skal dokumentarast i samband med at ein inngår avtale.

Samarbeidsavtalar etter kommunelova skal vedtakast politisk i dei gamle kommunane.

### **Gevinstrealisering**

Fokus på samordning og gevinstrealisering før 2020 vil vere ein naturleg fylgje av samanslåingsvedtaka. Det er eit mål å samordna tenestene så snart ein har ein modell og ein organisasjon som er klar til å ta på seg oppgåvene.

Tenester som kommunane i dag kjøper av andre enn kvarandre skal flyttast over så raskt det er organisatorisk og avtalemessig mogleg. Ein må også her forholde seg til føringane i kommunelova kva gjeld interkommunalt samarbeid

Gevinstrealisering må sjåast på i to fasar. I denne innleiande fasen vil gevinsten fyrst og fremst vere fagleg og førebuande, medan det vil vere vanskeleg å oppnå økonomisk gevinst så lenge ein skal drifta tre kommunar og etablere ein ny. Den økonomiske gevinsten vil koma som fylgje av samordning etter etableringstidspunktet og kor godt ein har bygd den nye kommunen for å møte framtida.

Digitale løysingar, samarbeid og samkøying av kompetanse og erfaringar på tvers av kommunane undervegs vil vera sær viktig for å oppnå ei gevinstrealisering i ny kommune.



Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 5  
Journalpost ID: 2017008454  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	005/17

### Mellombels fellesnemnd - møtegodtgjersle og reglement

Vedlegg:

#### Administrasjonen sitt forslag til

##### vedtak:

1. Administrasjonen vert beden om å utarbeida eit framlegg til reglement for godtgjersle for dei politiske organa knytt til kommunesamanslåinga.
2. Reglementet skal ta utgangspunkt i dei tre kommunane sitt eksisterande reglement.

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017

**Saka gjeld:**

Arbeid i dei politiske organa knytt til kommunesamanslåing skal godtgjerst med møtegodtgjersle og kompensasjon for tap av inntekt. Det er naturleg at ein tek utgangspunkt i dei reglementa som ligg føre når nytt reglement skal utarbeidast.

Administrasjonen vert beden om å koma med eit framlegg til godtgjerslereglement til neste møte.

Fram til fellesnemnda er sett ned etter Inndelingslova og budsjett for arbeidet er vedtatt, må kvar av kommunane sjølv dekkja kostnadane knytt til arbeidet med kommunesamanslåinga.

**Økonomiske konsekvensar:**

Eingongskostnader vert dekkja av statlege tilskot i høve kommunereforma.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv





Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 6  
Journalpost ID: 2017008456  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	006/17

### Mellombels fellesnemnd - prosjektleiing - drøftings sak

Vedlegg: Styringsdokument og prosjektplan

**Administrasjonen sitt forslag til**  
**vedtak:**  
Saka blir lagt fram utan tilråding.

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017

**Saka gjeld:**


Det blir vist til Styringsdokumentet punkt 4.3, og mandat for fellesnemnda.

Mellombels fellesnemnd skal førebu tilsetting av prosjektleiar. Ein må drøfta prosess og framdrift rundt utnemning av prosjektleiing.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv

# ULLENSVANG KOMMUNE



12.05.2017

Styringsdokument og prosjektplan - versjon 1

**Dette dokumentet legg rammene for prosjektarbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune 2020.**

**Dokumentet er forma som ein prosjektplan og skal gje mål og retning til prosessen. Dokumentet er ikkje uttømmende og vil bli oppdatert gjennom prosessen.**

## INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>2</b>
1.1	RISIKOANALYSE	3
1.2	SUKSESSKRITERIER	3
<b>2</b>	<b>AV NATUR ER ALLE MENNESKER LIKE, MEN I HANDLING ER DE SVÆRT FORSKJELLIGE</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>PROSJEKTORGANISERING</b>	<b>3</b>
3.1	MÅL	3
3.2	RAMMER	4
<b>4</b>	<b>ROLLER OG PRINSIPP FOR ORGANISERING</b>	<b>4</b>
4.1	ORGANISASJONSKART	4
4.2	POLITISK PROSJEKTORGANISASJON	5
4.3	PROSJEKTLEIING	5
4.4	ADMINISTRATIV PROSJEKTORGANISASJON	5
<b>5</b>	<b>FASAR OG FRAMDRIFT</b>	<b>6</b>
5.1	FRAMDRIFTSPLAN	6
5.2	AVGJERDSPUNKT OG MILEPÆLSPLAN	7
<b>6</b>	<b>AKTIVITETAR</b>	<b>8</b>
6.1	PLANAR	8
6.2	POLITISKE ARBEIDSGRUPPER	9
6.3	ADMINISTRATIVE ARBEIDSGRUPPER.	10
<b>7</b>	<b>PROSJEKTBUDDSJETT</b>	<b>13</b>
<b>8</b>	<b>OPPDATERINGSLOGG</b>	<b>14</b>
<b>9</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>15</b>
9.1	FØREBUANDE FELLESNEMND	15
9.2	DELEGERING TIL FELLESNEMNDA SIN LEIAR	15
9.3	DELEGERING TIL ARBEIDSUTVAL	15
9.4	DELEGERING TIL PARTSSAMANSETT UTVAL	16
9.5	DELEGERING TIL PROSJEKTLEIAR	16
9.6	RETNINGSLINJER FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE	16

# ULLENSVANG KOMMUNE

## STYRINGSdokUMENT OG PROSJEKTPLAN - VERSJON 1

**Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger**

### 1 INNLEIING

Jondal, Odda og Ullensvang utgjer ein felles bu- og arbeidsregion og har samarbeid på fleire område over mange år. Som del av den nasjonale kommunereforma vedtok kommunane i juni 2016 å slå seg saman frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heita Ullensvang kommune og kommunesenteret skal vera i Odda.

Til grunn for samanslåingsvedtaka ligg intensjonsavtala som blei vedteken i kommunestyra i 2016. Intensjonsavtala lyfter fram fylgjande prinsipp for samanslåinga:

**Å skapa ein ny kommune skal vera prega av likeverd, vidsyn og forståing av kvarandre sin ståstad.**

**Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ta inn over seg utfordringane i framtida.**

**Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.**

Dette styringsdokumentet skal gje føringar og retning for arbeidet med kommunesamanslåinga. Dokumentet skal vere eit levande arbeidsdokument som skal justerast og oppdaterast etter kvart som ny informasjon og styringssignal ligg føre. Dette styringsdokumentet må lesast i lys av Intensjonsavtala og skal supplerast med

- Informasjons-/kommunikasjonsplan
- Omstillingsdokument
- Samla oversikt over arbeidsgruppene med mandat og prosessomtale.

## 1.1 RISIKOANALYSE

## 1.2 SUKSESSKRITERIER

Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.

## 2 AV NATUR ER ALLE MENNESKER LIKE, MEN I HANDLING ER DE SVÆRT FORSKJELLIGE

(Konfucius)

Nye Ullensvang kommune vil bestå av 11.500 individer fordelt på 3.261 Kvadratkilometer med fjord, by og fjell. Med 3 nasjonalparkar og eit mangfald av natur og kulturelle godbitar i alle delar av kommunen.

Ein samanslåing av tre kommunar, ulike i størrelse og med ein utfordrande geografi kan vera krevande, sjølv når målet er at samanslåinga skal pregast av likeverd og rausheit.

Det er viktig å lyfta fram problemstillingane og adressera dei. Uavhengig av storleik er det tre likeverdige partar når det gjeld offentleg ansvar og mynde som her skal slåast saman. Dette gjer at prosjektet sin oppgåveportefølje vil vere nær lik om kommunane er små eller store.

For å skapa ein god prosess er det viktig at den vedtekne rause haldninga får eit innhald. Det er viktig at ingen av kommunane ser på samanslåinga som at nokon skal bli slått saman med dei andre, men at ein saman skal skapa ein heilt ny kommune. Dette inneber at alle kommunane vil sjå annleis ut etter at den nye kommunen er på plass.

Det vil vere både den politiske og den administrative leiinga sitt ansvar å leggja til rette for at intensjonane får eit faktisk innhald og at ein tenkjer framtidige løysingar til det beste for alle.

## 3 PROSJEKTORGANISERING

### 3.1 MÅL

Kommunesamanslåinga skal organiserast som eit prosjekt der det overordna målet er at Ullensvang kommune skal vera i drift 1.1.2020.

I tillegg er det mål om at prosessen skal gjennomførast med

- Openheit
- Forankring i organisasjonane
- Forankring hjå innbyggjarane

- Oppretthalda normal drift i noverande kommunar.

### 3.2 RAMMER

Prosjektet er forankra i Intensjonsavtala, Inndelingslova, Kommunelova og Arbeidsmiljølova.

Prosjektet skal gjennomførast parallelt med at kommunane skal driftast utan vesentlege ulemper. Kommunane må likevel rekne med å måtte avstå ressursar, både økonomisk og tilsette, inn i prosjektorganisasjonen.

Prosjektet sitt hovudmål er å leggja til rette for at Ullensvang kommune er operativ 1.1.2020. Prosjektet kan leggja til rette for organisatorisk utviklingsarbeid som vil kunne styrka den nye kommunen.


Prosjektet starter våren 2017, men vil få sin formelle forankring i Inndelingslova etter kongeleg resolusjon hausten 2017.

## 4 ROLLER OG PRINSIPP FOR ORGANISERING

### 4.1 ORGANISASJONSKART

For at prosessen med å bygga ny kommune skal opplevast som god, er rolleavklaringa viktig. Det må vere klart kva for oppgåver, ansvar og mynde som blir lagt til dei ulike funksjonane/organa i prosjektorganisasjonen.

Det er førebuande fellesnemnd og fellesnemnda som blir sett ned etter kongelig res. hausten 2017, som har det overordna ansvaret for samanslåinga og leier arbeidet fram mot etablering av Ullensvang kommune. Dei skal styra prosessen slik at ein når måla for den nye kommunen slik dei kjem fram i Intensjonsavtala.



## 4.2 POLITISK PROSJEKTORGANISASJON

- Førebuaende fellesnemnd/fellesnemnda er prosjekteigar.
- Førebuaende fellesnemnd arbeider etter og utøver mynde på grunnlag av delegering frå kommune- og heradsstyra.
- Fellesnemnda (etter kongelig res.) er eit politisk organ i samsvar med Inndelingslova fram til kommunestyret for Ullensvang kommune er konstituert.
- Det skal etablerast eit arbeidsutval for fellesnemnda beståande av ordførarane og rådmennene. Fellesnemnda utarbeider delegeringsreglement til arbeidsutvalet.
- Det skal etablerast eit partssamansett utval beståande av 6 politikarar (2 + 2 + 2) og 3 hovudtillitsvalde (1+1+1). Fellesnemnda utarbeider delegeringsreglement til utvalet.
- Fellesnemnda kan etablere politiske arbeidsgrupper. Tema for arbeidsgruppene kan vere; politisk struktur, symbol (kommunevåpen, ordførarkjede oa), innbyggjarinvolvering og førebu kommunevalet i 2019.
- Administrasjonen stiller sekretariat- og utgreiingsressursar til rådvelde for fellesnemnda og arbeidsgruppene.
- Fellesnemnda har ansvar for å involvere og orientera kommunestyra og partigruppene.
- Fellesnemnda har innstillingsrett til kommunestyret/heradsstyret i dei tre kommunane(?).

## 4.3 PROSJEKTLEIING

I fylgje Inndelingslova kan fellesnemnda tilsetja prosjektleiar. Dette kan delegerast til PSU.

Erfaring frå tidlegare kommunesamanslåingar viser at det bør tilsetjast ein prosjektleiar så tidleg som mogleg. Det er ulike måtar å løyse dette på. Nokon legg vekt på kjennskapen til organisasjonane og vel ein av rådmennene til prosjektleiar (Inderøy, Asker), andre vel ein prosjektleiar for sjølve prosjektet og seinare i prosessen tilset dei rådmann (Vindafjord), medan andre tilset prosjektleiar som skal bli den nye kommunen sin rådmann (Sandefjord).

Uansett kva form ein vel, vil rådmennene i kommunane ha ei sentral rolle i gjennomføringa av prosjektet. Som del av styringsgruppa har dei ansvar for at naudsynt informasjon og saksutgreiingar er på plass før avgjersler skal takast. Dei skal vidare vere med å definere og tildela oppgåver til arbeidsgruppene, koordinere arbeidet, og leggja til rette for god politisk sakshandsaming.

Prosjektleiar har innstillingsrett til fellesnemnda, PSU og til dei politiske arbeidsgruppene.

## 4.4 ADMINISTRATIV PROSJEKTORGANISASJON

- Det skal etablerast ei administrativ styringsgruppe. Fram til permanent prosjektleiing er etablert vert prosjektet leia av rådmennene.
- Det skal vere eit fast forum for informasjon og drøfting med tillitsvalde og verneombod med heimel i AML og HTA. Storleiken på forumet vil variere etter sak.



- Det skal etablerast arbeidsgrupper for å sikra kompetente løysingar på ulike fagområde. Arbeidsgruppene skal også ivareta behov for forankring og involvering av organisasjonane.
- Alle oppgåver/tenesteområde skal vere tildelt ei arbeidsgruppe. Ei arbeidsgruppe kan difor ha fleire oppgåver/ansvarsområde som kan utgreiast til ulik tid.
- Alle arbeidsgruppene skal ha eige mandat og ein leiar som rapporterer til prosjektleiar.
- Det er ikkje nødvendigvis dei eksisterande kommunane sin organisatoriske struktur som skal leggja rammene for arbeidsgruppene. Føringsane i Intensjonsavtala ligg til grunn, og kompleksiteten i dei ulike teneste-/oppgåveområda må vere styrande for prosjektorganiseringa.
- Ei arbeidsgruppe bør ikkje ha meir enn 4-6 medlemmer, men kan supplerast ved behov. Ei arbeidsgruppe kan også setja ned underutval som kan utgreia spesifikke problemstillingar.
- Arbeidsgrupper som kjem inn på tema som omstilling, administrativ organisering og arbeidsgjevpolitikkk bør ha med ein tillitsvald frå kvar kommune.
- Tillitsvalde og vernetenesta si deltaking i andre arbeidsgrupper blir vurdert for kvar gruppe.

## 5 FASAR OG FRAMDRIFT

Prosjektet vil ha fire hovudfasar. Dei to fyrste fasane går fram til fellesnemnda er sett ned etter kongelig res. hausten 2017. Dette fordi det er fyrst etter dette fellesnemnda får mynde til å gjera bindande vedtak på vegne av den nye kommunen.

1. Prosjektetablering/planlegging
2. Kartlegging
3. Utvikling og gjennomføring
4. Avslutte

### 5.1 FRAMDRIFTSPLAN

Fase	Tidsrom (frå-til)	Hovudoppgåver i fasen	Dokument/Leveransar
Prosjektetablering	1.5.17- 1.10.17	Førebuande fellesnemnd (ffn) konstituerast. Styringsdokument, plan og prinsipper for vidare arbeid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Styringsdokument/ Prosjektplan</li> <li>• Detaljert framdriftsplan</li> </ul>
Prosjektorganisering  Planlegging	1.5.17 – 1.10.17	Avklaring av prosjektorganisering og tilsetjing for dette inn som eige punkt?  Prosjektorganisasjon med styringsgruppe og arbeidsgrupper	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mandat med delegering til prosjektorgan.</li> <li>• Mandat til arbeidsgrupper</li> </ul>

		etablerast. Styringsdokument med framdriftsplan blir vedteke i ffn.	
Kartlegging	1.5.17 – 1.8.18	Arbeidsgruppene startar kartlegging av tenestoområda.  Kartlegging og gjennomføring av ulike oppgåver vil overlape kvarandre.	Kartleggingsdokument
	Innan 31.12.17	Alle system, avtalar, innkjøpsavtalar og interkommunale samarbeid blir kartlagt	
Utvikle og gjennomføre	Innan 31.12.17	Fellesnemnd konstituerer seg.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bemanningsplanar med oppgåve/ delegasjonsoversyn.</li> <li>• Nye interne og eksterne avtalar.</li> <li>• Organisasjonskart</li> <li>• Delegeringsreglement</li> </ul>
	1.1.18 – 1.8.18	Arbeidsgruppene kjem med framlegg til framtidig organisering av tenestoområda.	
	1.1.19	Ny rådmann tilsett.	
	Innan 1.1.19	Ny administrativ organisering blir vedteken.	
	Innan 1.7.19	Tilsetting av leiargruppe. Nytt delegeringsreglement.	
Avslutte	1.8.19-31.12.19	Kommuneval Fellesnemnda blir oppløyst og nytt kommunestyre konstituerer seg. Førrebu implementering som ikkje kan gjennomførast før 1.1.2020.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reglement for nytt kommunestyre</li> <li>• Budsjett og økonomiplan for Ullensvang kommune</li> </ul>
	1.1.2020	Alle tre kommunane er avslutta og oppgåver og tilsette er overført til Ullensvang kommune.	

## 5.2 AVGJERDSPUNKT OG MILEPÆLSPLAN

Milepælsplan må detaljerast og utvidast når ein har fått på plass arbeidsgrupper, samt kartlagt behovet for leveranser i prosjektet.

Milepæl	Dato	Tema	Kriteriet	Avgjerdsorgan
---------	------	------	-----------	---------------

MP1	30.5.17	Førebuaende fellesnemnd	Konstituering	ffn
MP2	30.5.17	Styringsdokument med framdriftsplan	Styringsdokument første versjon klart	ffn
MP3	1.10.17	Arbeidsgrupper	Alle hovedgrupper etablert, undergrupper etablerast undervegs	
MP4	01.12.17	Prosjektleiing/leiar	Tilsett	Fellesnemnd
MP5	1.1.19	Omstillingsplan	Ferdig til vedtak	Fellesnemnda
MP6	1.1.19	Organisasjonsstruktur	Administrativ og politisk organisasjon	Fellesnemnd /prosjektleiar?
MP7	1.1.19	Arbeidsgrupper	Kartlegging, vegvalg og struktur.	
MP8	1.1.19	Rådmann	Rådmann tilsett	Fellesnemnda
MP9	1.7.19	Leiing	Leiargruppa tilsett	Rådmann
MP10	1.1.2020	Ny kommune	Alle områder er ferdig utgreidd og etablert.	Nytt kommunestyre

## 6 AKTIVITETAR

### 6.1 PLANAR

Det skal utarbeidast ulike planar for prosjektperioden og for den nye kommunen.

1. Kommuneplan  
Det skal utarbeidast ny samfunnsdel til kommuneplanen, og delvis ny/delvis samordning av arealdel.
2. Omstillingsplan  
Overordna personalpolitiske retningslinjer for å sikra overgangen frå gamal til ny kommune. Tema for planen vil mellom anna vere prinsipp for medverknad, mal for kartleggingssamtale, organisasjonskart og bemanningsplanar, kriterium for utveljing av overtalige, prosedyre for innplassering.  
Skal utarbeidast av eiga administrativ og politisk arbeidsgruppe i fyrste fase av prosjektet. Det blir oppnemnd eigen administrativ ansvarleg for tilrettelegging.  
Psu skal handsama planen og fellesnemnda skal vedta.
3. Informasjonsplan

Skal rette seg mot tilsette og innbyggjarar. Blir utarbeida av prosjektleiing i dialog med politisk arbeidsutval, med vedtak i fellesnemnda.

4. Gevinstrealiseringsplan

Denne planen kjem som resultat av arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene.

5. Økonomi

Det må utarbeidast eit prinsippdokument om dei økonomiske konsekvensane av prosjektet. Her må det lyftast fram eventuell kompensasjon for arbeidsinnsats i prosjektet. Korleis ein skal rekneskapsføre utgifter som ikkje inngår i fellesnemnda si styringslinje men som ligg i grenselandet til prosjektets arbeid, og for frikjøp av tillitsvalde.

Det må utarbeidast budsjett for prosjektet si verksemd.

Det skal utarbeidast budsjett- og økonomiplan for 1. driftsår av Ullensvang kommune.

Rådmennene får ansvar for å førebu saka for fellesnemnda.

6. Digitaliseringsplan

Plan for digitalisering og framtidige løysingar for IT, arbeidsplattform og arkitektur for organisasjonen og løysingar mot innbyggjarane.

## 6.2 POLITISKE ARBEIDSGRUPPER

Politiske arbeidsgrupper kan etablerast etter behov og i ulike fasar av prosjektet. Moglege tema for arbeidsgrupper kan vere

- Innbyggjarinvolvering
- Politiske hovudstruktur
- Symbol; kommunevåpen, ordførarkjede og merkevarebygging
- Førebu kommunevalet 2019
- Utarbeide delegeringsreglement for Ullensvang kommune.
- Utarbeide politisk reglement med prinsipp for godtgjersle for Ullensvang kommune

### 6.3 ADMINISTRATIVE ARBEIDSGRUPPER.

For å sikra ein heilskapleg og samordna utvikling av dei ulike oppgåve- og tenesteområde blir det etablert ein struktur med hovudgrupper der denne skal ha fokus på samordning og gevinstrealisering. For å få fram eit godt grunnlag for utvikling blir det etablert mindre undergrupper som kan utgreie spesifikke område/ problemstillingar. Kvar gruppe arbeider på eige mandat, med ein leiar som rapporterer til prosjektleiaren etter eit fastsett rapporteringssystem.

Lista er ikkje uttømmende og vil bli meir detaljert og innehalde fleire arbeidsgrupper når prosjektorganisasjonen er sett hausten 2017.

Overordna mål for arbeidsgruppene :

Yta og sikra gode og effektive tenester til innbyggjarane.

Samordna fag- og tenesteområder.

Finne gode-, innovative og effektive driftsformer.

Fokus på digitale løysingar i alle ledd.

Grp nr.	Hovudgruppe	Undergruppe	Område	Leiar	Ferdigs. dato
1	Arkiv		Arkiv for Ullensvang kommune og avvikling og tilgjenge til gamle arkiv	Arkivleiarane i dei tre kommunane	
2	IT	Arkitektur Avtalar	IT, infrastruktur og digitalisering		
3	HR / personal	Arbeidsavtalar Opplæringprogram Personal Løn	Avtalar og reglement, plan for opplæring, innplassering og rekruttering		
4	Administrasjon	Fellestenester/tene stetorg Merkantile tenester			
	Oppvekst	Skule	Skule/Sfo		

5		Barnehage	Barnehage Barnevern PPT		
6	Helse og Omsorg	Pleie og omsorg Legetenester Rus og psykiatri NAV Funksjonshemma			
7	Kultur og idrett	Bibliotek Kulturskule Idrett Frivillige lag og foreninger	Idrett/folkehelse Kulturhus/bibliotek Ungdomsarbeid Kulturskulen Idrettsarenaer/tilbod Oversyn frivillige lag og foreninger, samarbeid		
8	Teknisk	Bygg, oppmåling, matrikkel Landbruk Teknisk drift Brann Investeringar	Vann, avløp Bruk/etterbruk av bygningsmasse. Samordning av planar. Førebu ny planstrategi Ny kommuneplan		
9	Næring, samfunn og eigedom	Næringsutvikling Samfunnsutvikling Eigedom	Legga til rette for nærings og samfunnsutvikling Eigedomstilhøve og strategiar/oversyn		
10	Eigarskap	Energisektoren	Eigarskap i selskaper utanom IKS		
11	Interkommunalt samarbeid	Renovasjon Revisjon	Interkommunale samarbeid som kommunane er del i		
12	Økonomi	Rekneskap Innkjøp Skatt	Plan for samkøying av budsjett- og rekneskapssystem. Rutinar/reglement og internkontroll. Anskaffelser og innkjøp. Skatt og fordringar.		
13	ROS og beredskap	Beredskapsplan	Overordna beredskapsplan for ny		

## ULLENSVANG KOMMUNE

---

		ROS analysar	kommune ROS analysar for ny kommune		
14	Kultur og identitetsbygging		Å skape en felles kultur og identitet for tilsette i ny organisasjon		

## 7 PROSJEKTBUDDSJETT

Ullensvang kommune mottar tilskot til dekning av eingongskostnadar på 30 mill kroner. I tillegg mottar ein på tidspunktet for samanslåing ein reformstønad på 5 millionar kroner.

Det er 30 millionar kroner som skal dekke dei eingongskostnadane ein får i prosessen med å bygge ny kommune. Mykje vil gå med til prosjektorganisering, frikjøp, innkjøpsavtalar m.meir

Endeleg budsjett for prosessen 2017 – 2020 må settjast opp etter at ein har beslutta prosjektorganisering, godtgjerlse og korleis ein ynskjer å organisera seg i høve arbeidsgrupper og framdrift.

Døme på ramme/viktige element i eit budsjett:

### Prosjektbudsjett 2017 - 2020

	2017	2018	2019	2020	Totalt
<b>Prosjektleiing:</b>					
Prosjektleiar					
Informasjon/sekretariat					
<b>Møtegodtgjerse:</b>					
Fellesnemnd					
PSU					
Andre utval					
Reisegodtgjerse politisk					
<b>Arbeidsgrupper:</b>					
Helse og omsorg					
Oppvekst					
Kultur og idrett					
Teknisk					
Næring, samfunn og eigedom					
Administrasjon					
(arkiv)					
(IT)					
<b>Kultur/identitet:</b>					
Profilering					
Kommunevåpen og heraldik					
Arrangement/møter					
<b>Personal:</b>					
Rekruttering					
Annonsar					
<b>Bygg/tilpasningar:</b>					
.....					
<b>IT:</b>					
Ny heimeside					
<b>Tillitsvalde:</b>					
Frikjøp					
<b>Innkjøpsavtalar:</b>					
Avslutte og opprette nye					
<b>Kyrkjeleg fellesråd:</b>					
	-	-	-	-	-



## 8 OPPDATERINGSLOGG

Ved større endringar i styringsdokumentet som krev godkjenning frå prosjekteigar/fellesnemnda, skal prosjektleiaren oppdatere endringsloggen. Her skal det gjere greie for kva for endringar som er gjort, kven som har gjort endringane, og kven som har godkjent dei. Som et minimum skal styringsdokumentet oppdaterast i samband med kvar faseovergang.

Versjon	Dato	Endring	Produsent	Godkjent
1	10.5.17	Dokument opprettet	Magnus Steigedal	
2	16.5.17	Dokument sendt fellesnemnda til vedtak 30.5.2017	Rådmennene	

## 9 VEDLEGG

### 9.1 FØREBUANDE FELLESNEMND

Førebuande fellesnemnd ble vald via vedtak i Odda kommunestyre 15.3.17, Jondal kommunestyre 15.3.17 og Ullensvang heradsstyre 13.3.17

Fellesnemnda er «kommunestyret» i prosessen. Arbeidsoppgåver til nemnda blir regulert både i inndelingslova og i intensjonsavtala:

1. Førebuande fellesnemnd si-funksjonstid er fram til fellesnemnd etter Inndelingslova § 26 blir sett ned.
2. Førebuande fellesnemnd skal :
  - Sikra politisk koordinering i dei tre kommunane fram til fellesnemnda er operativ.
  - Sikra politisk koordinering av saker som gjeld kommunesamanslåinga, kommunale tenester, organisering og struktur
  - Arbeida med relevante saker som har tyding for prosessen for å skapa den nye kommunen.

Til grunn for fellesnemndas arbeid ligger Intensjonsavtalen frå 2016.

Mandat for fellesnemnda vert vedteke når den formelt vert skipa.

### 9.2 DELEGERING TIL FELLESNEMNDA SIN LEIAR

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Fellesnemndas leiar er rettsleg representant for Ullensvang kommune og skriv under på vegne av denne i alle høve der mynde ikkje er delegert til andre (jf. Kommuneleva § 9 nr. 3).
2. Fellesnemndas sin leiar er Ullensvang kommune sin representant i styrer og råd der annan person ikkje er vald.
3. Fellesnemndas leiar får mynde til å ta ikkje-prinsipielle avgjersler som ikkje kan venta til politisk utval er samla.

### 9.3 DELEGERING TIL ARBEIDSUTVAL

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Arbeidsutval blir etablert med heimel i Styringsdokument (vedtatt av fellesnemnda 30.5.17).
2. Arbeidsutvalet førebur og innstiller i saker for fellesnemnda.

3. Arbeidsutvalet kan fatte vedtak som ikkje er prinsipielle og som sikrar naudsynt framdrift i etablering av ny kommune.

#### 9.4 DELEGERING TIL PARTSSAMANSETT UTVAL

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Partssamansett utval er heimla Inndelingslova § 26 2.ledd/kommunelova § 25 og HA del B § 4.
2. Organisering og samansetting av utvalet er vedtatt i Styringsdokument.
3. Psu er eit drøftingsorgan og skal handsama og innstille til fellesnemnda i saker som gjeld tilhøve mellom Ullensvang kommune som arbeidsgjevar og dei tilsette.
4. Psu skal drøfta og gje uttale til prosessen rundt tilsetting av prosjektleiing og rådmann.
5. Leiar for nemnda har ansvar for innkalling til møte.
6. Rådmenna i dei eksisterande kommunane har møte og talerett i PSU

#### 9.5 DELEGERING TIL PROSJEKLEIAR

Vedtatt av førebuande fellesnemnd 30. mai 2017

1. Prosjektleiinga har det operative ansvaret for etablering av Ullensvang kommune, og til å overføra avtalar, forplikingar og tilsette frå dei noverande kommunane til Ullensvang kommune.
2. Prosjektleiinga har møte-, tale- og innstillingsrett til fellesnemnd og partssamansett utval.
3. Prosjektleiinga har innkjøps- og tilvisingsmynde innanfor fellesnemnda sitt budsjett, i samsvar med vedtekne prioriteringar.
4. Prosjektleiinga skal i samarbeid med fellesnemnda utarbeida eit saldert budsjett og økonomiplan for Ullensvang kommune.
5. Arbeidsutvalet har mynde til å førebu og innstille i saker for fellesnemnda inntil prosjektorganisasjon er satt.

#### 9.6 RETNINGSLINJER FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lov, forskrift og retningslinjer gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som fylgjer av desse og av god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal utøvast innanfor dei plan- og budsjetttrammer som er vedtatt av fellesnemnda.

Fellesnemnda står fritt til å trekkje tilbake delegert mynde kva tid som helst. Fellesnemnda står og fritt til å be om tilbakerapportering i samband med bruk av delegert mynde.

Endringar i dette reglementet kan berre gjerast av fellesnemnda der det ikkje går fram av reglementet at andre kan vidaredelegere mynde.



Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 7  
Journalpost ID: 2017008458  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	007/17

### Mellombels fellesnemnd - møteplan

Vedlegg:

#### Administrasjonen sitt forslag til

#### vedtak:

Mellombels fellesnemnd skal ha møte ein gong i månaden fram til endeleg fellesnemnd er på plass.

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017

**Saka gjeld:**

Det er vanskeleg å vurdera kor stor arbeidsmengda vil bli for mellombels fellesnemnd. Det vert derfor i utgangspunktet lagt opp til eit møte i månaden fram til endeleg fellesnemnd er på plass.

Møta blir i hovudsak lagt til siste fredag i månaden. Ein vil forsøkja å nytta fredagar som møtedag for kommunesamanslåingsmøte.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv



Arkiv: K1 - 036, K3 - &23  
Arkivsak ID: 2017001001 - 8  
Journalpost ID: 2017008460  
Sakshandsamar.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 18.05.2017

## FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

SAKSGANG		
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd	30.05.2017	008/17

### Samanslåingsprosess - informasjonstiltak / nyheitsbrev

Vedlegg:

#### Administrasjonen sitt forslag til

##### vedtak:

1. Det skal etablerast nyheitskanalar for innbyggjarane og tilsette i Jondal, Odda og Ullensvang slik at dei kan fylgje samanslåingsprosessen.  
Fyrst og fremst skal det etablerast ei ny heimeside, og eit informasjonsskriv skal gå ut til alle husstandar.
2. Odda kommune tek ansvar for at dette vert gjennomført.
3. Kostnadane skal leggjast inn i fellesnemnda sitt rekneskap.

Rådmann i Ullensvang, Jondal og Odda, 18. mai 2017

**Saka gjeld:**

Det er eit stort behov for informasjon om samanslåingsprosessen både hjå innbyggjarane og hjå dei tilsette i kommunane.

Som ei markering av starten på arbeidet, bør det lagast eit informasjonsskriv som går ut til alle husstandar. Her bør ein kort gjere greie for prosessen fram til 2020 og opplyse om korleis ein kan fylgje prosessen vidare.

Det er etablert ei heimeside for Ullensvang kommune

[www.ullensvang.kommune.no](http://www.ullensvang.kommune.no)

Det kan og etablerast ei facebookside for Ullensvang kommune.

Informasjonsskrivet må vise til dei informasjonskanalane som er etablert eller skal etablerast.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv